

# Bibliotekreform 2014

I brev dagsett 05.02.2007 frå Kultur- og kyrkjedepartementet blir m.a. kommunane bedt om å gi høyringssvar på utgreiinga Bibliotekreform 2014.

## Bakgrunn

På oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet har ABM-utvikling laga utgreiing om planlegging av bibliotektenester i Norge framover. Utgreiinga omfattar folkebibliotek, skulebibliotek, og fag- og forskningsbibliotek. Mandatet vart gitt i 2004, utgreiinga er no lagt fram med tittel: Bibliotekreform 2014.

Biblioteka står framfor store utfordringar, det vert stilt nye krav i samsvar med endringar i samfunnet elles. Biblioteka skal følgje med i den teknologiske utviklinga, vere bidragsytarar til utvikling av kunnskapssamfunnet, sikre tilgang til kunnskap og kultur for alle innbyggjarane i landet, vere kulturell og sosial møteplass, og ha særleg fokus på litteraturtilbod til barn og ungdom.

Norge har mange små bibliotek med begrensa resursar, interesser og behov hjå brukarane skal tilfredsstillast der brukarane er, dette kan vere problematisk slik biblioteklandskapet ser ut i dag. Framlegget til reform er forsøk på å imøtekomme denne problemstillinga.

## Våre merknader til Bibliotekreform 2014

### I. Generelt

Utgreiinga er logisk og oversiktleg bygd opp. Val av dei tre hovedmålmålråda: *Innhald og teneste, struktur og organisering, og kompetanse og forskning*, synest rett i høve til samfunnsutviklinga og dei utfordringar biblioteka står framfor. Handsaming av målmålråda med gjennomgang av emne først, deretter strategi og tiltak, gjer utgreiinga lett å arbeide med. Det er positivt at dei konkrete handlingsframlegga kjem fram for kvart punkt, og med oversikt for kostnader til slutt.

I innleiinga er samarbeid sett opp som eit leiande omgrep, utgreiinga omfattar difor ein samla biblioteksektor. Røynsle frå bibliotekarbeid, også anna kommunal forvaltning, har synt at vegen framover er samarbeid, både innafor same sektor og på tvers av sektorar. Vi meiner samarbeid bør vere den grunnleggande tanken, frå det generelle til det spesielle. Samarbeid og samordning blir viktig på alle nivå, lokalt, regionalt, og nasjonalt. To ulike departement har gitt mandatet for utgreiinga, det blir viktig framover at her blir samordning, kultur og kunnskapsdepartement må samarbeide.

Framlegget har mange gode og positive tiltak, og i sum skisserer den eit løft for bibliotekvesenet i landet vårt. Det blir viktig å halde fokus på at dette skal vere ei satsingsreform, ikkje ei effektiviseringsreform.

Heile reforma vil vere eit økonomisk løft for staten. I høve til økonomi meiner vi at dersom reforma skal ha den effekt som er ønskjeleg, må ein rimeleg del av resursane desentraliserast. Vi treng nasjonale tiltak, men dersom resursane i for stor grad blir brukt esentraltlik, vil den enkelte brukar ikkje få det som var tiltenkt.

Utgreiinga tek utgangspunkt i den enkelte brukar og brukaren sine behov, dette ser vi som godt og rett. Satsingsområda i første målmålråde, digitale tenester, biblioteket som resurs for læring, kultur- og litteraturformidling, er gode utgangspunkt og vi meiner det er godt i samsvar med utfordringane. Dei to neste målmålråda som er struktur og organisering, kompetanse og forskning, ser vi som naturleg oppfølging av første målmålrådet.

Det første målmålrådet føreset at biblioteket er synleg i sitt lokalsamfunn. Bibliotektenestene må ytast i nærkontakt med brukarane, dvs. der brukaren er, dette føreset igjen eit desentralisert tilbod

### II. Merknader til dei enkelte framlegga

- Del 1.
1. Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester
  2. Digitalisere viktige innhaldsresursar
  3. Utvikle nye digitale tenester
  4. Vidareutvikle biblioteket som læringsarena og læringsresurs
  5. Vidraeutvikle kultur- og litteraturformidling i bibliotek
  6. Styrke biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald

## 7. Styrke bibliotektenesta i fengsla

Generelt til punkta.: Det er positivt at brukaren er sett i fokus i staden for institusjonane, og at det blir etablert løysingar som gjer det lett for den enkelte brukar å finne fram til og få tilgang til dei resursar som finst i norske bibliotek.

Tiltak under punkt 1.1.:Etablere ein ABM-portal med felles inngang til nettbaserte tenester, eit andre tiltak er iverksetjing av programmet Norsk digitalt bibliotek. Vi meiner ABM-utvikling bør prioritere Norsk digitalt bibliotek framfor ein ABM-portal..

- Del 2.
1. Styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket
  2. Vidareutvikle det fysiske biblioteket
  3. Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek
  4. Utvikle redskapar og metodar til evaluering og kvalitetsheving av verksemda i biblioteka

Tiltak under punkt 2.1:

”Etablere sterkere og mer kompetente folkebibliotek gjennom en konsolideringsprosess som omfatter bibliotekene i flere kommune.”

Beskrivelse:

”For at bibliotekene skal kunne møte befolkningens behov for et kvalitativt godt bibliotektilbud, er det nødvendig å skape bibliotek med sterkere kompetansemiljøer som kan yte bedre tjenester og utnytte ny teknologi. Det må derfor etableres sterkere bibliotek gjennom en konsolideringsprosess. Behovet for dette er størst i folkebiblioteksektoren. Flere kommuner innenfor et geografisk område skal gå sammen om å etablere et felles konsolidert bibliotek, som vanligvis har minst en avdeling i hver av de kommunene det skal omfatte. Et konsolidert bibliotek skal ha minimum 6-8 årsverk fordelt på variert bibliotekfaglig kompetanse. Fylkeskommunene skal, gjennom et tett samarbeid med ABM-utvikling, være koordinører for å realisere de nye bibliotekene i et nært samarbeid med kommunene og bibliotekene. Fylkeskommunene bør utarbeide en bibliotekplan for sitt fylke, i samarbeid med kommunene, med sikte på omorganiseringer til konsoliderte bibliotek ut fra lokale forhold.”

Vår merknad til punktet:

Tiltaket har eit godt utgangspunkt med brukaren i fokus, men det konkrete forslaget om konsolidering meiner vi er feil veg å gå. Dette meiner vi fordi:

- Ein føresetnad for godt tilbod er nærleik til brukaren. Konsolideringsframlegget inneber sentralisering, brukaran bør ha rimeleg lett tilgang til det ”fysiske biblioteket”. Ved sterkare sentralisering blir dei minst mobile gruppene som barn og eldre skadelidande, jfr.forslaget om minst ei eining i kvar kommune. Nærleik til skule og barnehage i samsvar med dagens struktur er viktig, vi veit at dette er svært aktuelle brukargrupper for folkebiblioteka. Tilbodet bør ikkje berre digitalisert og fjernstyrt, jfr. også biblioteket sin funksjon som møteplass.
- I følgje dagens biblioteklov har kommunane ansvar for bibliotektenesta. Skal kommunane i framtida ha dette ansvaret, også økonomisk, er det rimeleg at kommunane har ein viss styringsrett. Med felles biblioteksjef for fleire kommunar gir kommunane langt på veg frå seg den økonomiske styringa.
- Gjennom fleire år har det rundt om i landet vore sett i gang og gjennomført fleire samarbeidsprosjekt som synest å vere gode alternativ til konsolidering. Prosjekta har vore av ulikt omfang, og gått på ulike tema og samarbeidsformer. Erfaring tyder på at samarbeid som har kome i gang utfrå registrerte behov lokalt, har større sjansar til å lukkast enn teoretisk konstruerte modellar som blir presentert frå høgare nivå. Dei menneskelege faktorane som motivasjon og eigarskap er framleis viktig å ta omsyn til. Frå vårt fylke, Sogn og Fjordane, kan nemnast at 8 kommunar har hatt samarbeid om kjøp og sirkulasjon av video frå 1993. I 2004 gjekk 4 kommunar i indre Sunnfjord saman om eit prosjekt med felles datasystem, felles katalog over mediabestand, felles lånekort, og transportordning mellom biblioteka. Dette prosjektet ser vi på som eit mogeleg startpunkt for vidareutvikling av samarbeid som t.d. samlingsutvikling, utveksling av kompetanse m.m. Det vi ser på som svært viktig i utviklinga av dette prosjektet er at vi har styringa lokalt, vi kan utvikle dette i den rekkefølge og med de framdrift som høver for oss.
- Konsoloderingsframlegget er nokså konkret når det inneber ei ramme på 6-8 årsverk. Landet vårt har nokså variert geografi og folkesetnad, skilnaden er også stor mellom by og land. Den framlagde modellen vil gi store ulikskapar i høve til brukarane, og ideen om lik tilgang blir berre ord.

Tiltak under punkt 2.3:

”Endre dagens biblioteklovgiving for å sikre samarbeidet i et nasjonalt biblioteknettverk.”

I beskrivelsen under dette tiltaket er ikkje fylkesbiblioteka særskilt nemde, det kan tydst som ein føresetnad om at noverande fylkesbibliotek skal fortsetje som før. Vi vil likevel nemne at vi ser det som nyttig og nødvendig med eit regionalt organ som fylkesbiblioteket, først og fremst m.o.t. rådgjevarrolla. For distrikta og dei små biblioteka er fylkesbibliota svært viktig, og dei er ein medverkande faktor i høve til intensjonen om likeverdige tilbod til alle.

Tiltak: "Styrke krav til skolebibliotektenester i forskriften til opplæringsloven."

Beskrivelse:

"Krav til skolebibliotektilbudet bør formaliseres gjennom en endring av forskriften til opplæringsloven. Til sammenlikning stilles det formelle krav til bibliotek i høyere utdanning."

Vår merknad til punktet:

Dette er godt, men for generelt. Det manglar konkrete tiltak for relisering, endring av forskrift til opplæringslova er ikkje nok. Vi finn ikkje noko om økonomi som er den utløysande faktor for å ta det nødvendige løftet for å heve standarden av skulebibliotektenesta.

- Del 3
1. Forny den samla kompetansen i biblioteksektoren
  2. Støtte fagleg utvikling og kunnskapsdeling på tvers av og innafor de ulike bibliotekfaglige områdene, og som ABM-samarbeid .

Tiltak under punkt 3.1:

"Etablere et kompetanseutviklingsprogram for å styrke Norgesbiblioteket og de konsoliderte bibliotekene."

Vår merknad:

Vi treng både fornying og fordjuping av kompetansen, men det er skuffande at det skal etablerast eit kompetanseutviklingsprogram primært innretta mot "dei konsoliderte bibliotekene". Dersom vi ikkje blir "konsolideringsbibliotek" vil vi stå utafør eit kompetanseutviklingprogram.

### **Oppsummering**

Punkt vi ikkje har kommentert er punkt er vi meiner kan stå slik dei er utforma.

Biblioteka er ved eit vegskilje, det må tenkjast nytt og annleis – difor treng vi denne utgreiinga no. Mange positive og gode tiltak er tekne med. Det store spørsmålet om konsolidering meiner vi bør vurderast på nytt, vårt forslag er at lokale samarbeidsprosjekt er eit godt alternativ. Men skal lokale prosjekta kome i gang, må der finnast tilgang på økonomiske resursar i ein startfase.

### **Behandling i Skule-/kultur 27.03.2007:**

Utvalet ynskjer ei presisering av kva tap av tenester framlegget til konsolidering av tenester fører til for ulike brukargrupper. Biblioteksjef skriv dette inn i høyringssvaret under merknad til punkt 2.1.

### **Skule-/kultur sitt vedtak 27.03.2007**

Gaular kommune v/skule-og kulturutvalet, sender høyringssvar for Bibliotekreform 2014 til Kultur- og kyrkjedepartementet slik den ligg føre i saksutgreiinga.

Utvalet ynskjer ei presisering av kva tap av tenester framlegget til konsolidering av tenester fører til for ulike brukargrupper. Biblioteksjef skriv dette inn i høyringssvaret under merknad til punkt 2.1.

Vedtaket var samrøystes.